


Bjarne Berge inn att i Høgre

02.12.2010



Bjarne Berge kjem att i Høgre. (Foto: Geir Remme)

**Etter å ha spelt ei sentral rolle i kvinnheradpolitikken i 19 år,
er det slutt for TS (Tverrpolitisk Samlingsliste),
som oppstod i kjølvatnet av nominasjonsprosessen i Høgre i 1991.**

Dei få frammøtte på årsmøtet onsdag kveld var samstemte i synet om ikkje å stilla liste ved neste kommuneval.

– Vi har gjort vårt, seier Bjarne Berge (64), som i dag vil varsle sitt gamle parti om at han ønskjer å bli medlem igjen.

Tverrpolitisk Samlingsliste vart etablert i 1991 – i kjølvatnet av nominasjonsprosessen i Høgre – der frontane stod mot kvarandre i synet på Folgefondtunnelen og bruk av kommunale midlar.

Bjarne Berge, Torfinn Myklebust og fleire andre sentrale personar braut ut av Høgre og etablerte TS. Ved valet vart dei den store vinnaren, med 2000 røyster og 13 representantar i kommunestyret. Også ved seinare kommuneval gjorde TS det godt. Til dømes fekk den upolitiske lista ved valet i 2003 inn sju representantar, og var blant dei største gruppene i kommunestyret den perioden. Frontfiguren Bjarne Berge vart ordførar det året.

Mange oppfatta TS som eit protestparti mot Folgefondtunnelen på 1990-talet, noko Bjarne Berge ikkje seierseg enig i når han i dag oppsummerer snart fem periodar for si gruppering.

– Rett nok var det ulike syn på den tidaom kva vegutlösingsalternativ som var det beste for Kvinnherad; tunnelen eller bru over Åkrafjorden. Men vår viktigaste fanesak den gongen var at vi var i mot bruk av kommunale midlar på eit statleg prosjekt i så stor grad, seier Berge.

Den tidlegare ordføraren meiner å ha vist i alle saker at han alltid har vore oppteken av kommunen sin økonomi, og at dette kanskje har vorte TS sin bane. Berge har ofte vore talmann for å halda igjen på kommunale

investeringar.

Ved valet i 2007 fekk TS-lista berre inn ein kandidat i kommunestyret (Bjarne Berge), men var nære på å få inn ein til.Tre røyster mangla på det.

- Vi blei nok litt strafka av veljarane den gongen, og dessutan var det for mange lister å velja mellom.Innbyggjarpartiet og Uavhengig sentrum tok sin del, medan oppslutnaden om TS har falle.
- Vi har gjort vårt, og legg inn årenen år denne perioden er slutt neste haust, seier Bjarne Berge. Det kjem han til å informera formannskapet om i dag. Han ønskjer likevel å fortsetja sitt politiske engasjement i Kvinnherad.

På spørsmål frå HusnesNett om han no skal mælda seg inn i Høgre, fekk vi dette svaret:

- Eg har ikkje fått tid til å gjera det enno, men reknar med å få gjort det torsdag morgen.
- Er den gamle konflikten mellom deg og Høgre lagt død?
- Eg vil ikkje seia at det har vore nokon stor konflikt, i alle fall ikkje på det personlege planet. Vi var nok uenige omsak, men eg har likevel seinare hatt gode relasjonar til Høgre og mange partimedlemmer der i alle år. No ser eg fram til å kunna samarbeida endå betremed dei igjen, avsluttar den tidlegare høgremannen.

Av Kristian Hus